



KYSTVERKET

Vest

Radøy kommune
Krossvegen 8
5936 MANGER

Dykker ref.:

Vår ref.:
2011/2688-18

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Turid Susort Jansen

Dato:
27.12.2018

Uttale til plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - revisjon - kunngjering 1.gang høyring og ettersyn - Hordaland fylke

Syner til brev av 20.11.2018 om revisjon av kommuneplan for Radøy med PlanID: 12602013000200.

Syner og til vår uttale til oppstart av planarbeid og planprogrammet den 15.8.2014.

Kommuneplanen sin arealdel skal reviderast med fokus på føresegner, strandsona og havområda, bustader i LNF, frådelte eideomar med eksisterande bygg. I framlagt forslag til arealdel er sjøområda gitt arealføremål.

Kystverket har registrert hovudleier og billeier langs heile kysten. Farleiene inngår som eit viktig ledd i transportsystemet, og er viktige for å ivareta og å betra tryggleiken, framkomma og effektiviteten for sjøtransporten.

Hamne- og farvasslova skal legge *"til rette for god fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med allmenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer"*. Lova skal også legge til rette for *«en effektiv og sikker havnevirksomhet som ledd i sjøtransport og kombinerte transporter»*.

Kommunen si arealplanlegging skal sikre tilstrekkelig areal til trygg segling og manøvrering for sjøtrafikken, og det må takas omsyn til hovud- og billeier som går gjennom kommunen sine sjøareal.

Som ein orientering til kommunen har vi tatt med noko statistikk om sjøtrafikken i området. Vidare vil vi gi innspel til plankart og føresegn som vedkjem vårt myndighetområde.

1. Sjøtrafikken

Det er viktig at kommunen tar omsyn til sjøtrafikken ved planlegging av sjøområda. Både Hjeltefjorden, Radfjorden og Radsundet er viktige ferdelsårer, og kommunen må ta omsyn til trafikkbildet ved planlegging tiltak i sjø.

Nedanfor vil vi gi ein kort gjennomgang av sjøtrafikken i Hjeltefjorden og Radsundet. Tabellane nedanfor er henta frå: kystdatahuset.kystverket.no

Region Kystverket Vest


entral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett: E-post:	www.kystverket.no post@kystverket.no
---------------------	---	----------	-----------	-----------------------	--

For besøksadresse se www.kystverket.no Bankgiro: 7694 05 06766 Org.nr.: NO 874 783 242



Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

1.1 Hjeltefjorden.

I Hjeltefjorden går hovedleia og sjøtrafikken er dominert av større frakteskip. Om en set ei passeringsslinje i innløpet (frå nord) til Hjeltefjorden ved Rubbegarnståna og Kvolmo, er det registrert 13796 passeringer i tidsintervallet 1.1.2017-1.1.2018. Omlag 4000 av disse passeringane er skip i lengdegruppe 70-100 meter og av skipstypen «last». Hjeltefjorden er trafikkert gjennom hele døgnet.



Passeringar i Hjeltefjorden etter skipstype og lengde.




1.2 Radsundet



I Radsundet går den indre kystleia, og det er passasjertrafikk som utgjer tyngda.

Om ein set ei passersingslinje i Radsundet ved Hovden - Bruknappen, er det 2590 registrert passeringar i tidsintervallet 1.1.2017-1.1.2018. Omlag 1880 av disse passeringane er skip i lengdegruppe 24-50 meter, og det er passasjerskip som dominerer skipstrafikken her.

Radsundet er mest trafikkert på dagtid.



Passeringar i Radsundet etter skipstype og lengde.



2. Hovud- og bilei (farlei).



Kommunen må i si arealplanlegging ta høgde for arealet som sjøtrafikken treng.

I vår uttale til oppstart av planarbeidet gav vi innspel om at hovud- og bilei måtte takast inn med linjesymbol (farleistrek). Med at dagens kommunegrenser i sjø går farleistreka «inn og ut» av Radøy kommune sitt sjøområde. Farleistreka vert lite samanhengande, men vil komma tydlegare fram etter kommunesamanslåinga. Farleistreka indikerer skipstrafikken, men syner ikkje ei definert avgrensing av farleia.

Forskrift om farleder (FOR-2009-11-30-1477) syner farleiene sine arealmessige utstrekning, og dermed ansvarsfordelinga mellom staten (Kystverket) og kommunane. Farleiarealet finn ein i Kystverket sitt digitale kart «Kystinfo» under temalag «Farled og merker» med undertema «Hoved- og bilei, arealavgrensing». Farleiene der Kystverket har mynde er synt som grønt areal i kart til *Forskrift om farleder*.

I plankartet er ferdsel lagt inn i sjøområda med FNFFA og FNFF som arealføremål. Plankartet inneheld ikkje einbruks arealkategori for farlei/ferdsel (F).

I den vidare planlegginga kan det for nokre områder vera tenleg å ta omsyn til det geografiske arealet som farleiene krev, spesielt i den indre kystleia (hurtigbåtleia) mellom Radøy og Lindås. I dei smalaste partia i Radsundet krev farleia det meste av sjøarealet, og andre tiltak i sjø er lite foreina med ferdelsen. Arealføremålet «Ferdsel» bør vurderast nytta som einbruk-underføremål, eventuelt i fleirbruk med natur, fiske og friluft (FNFF).



Eksempel på sjøområde ved Kalnes i Radsundet med FNFFA. Her er «Hamneområdet» satt heilt ut til dagens kommunegrense mellom Radøy og Lindås.



Eksempel på område i Radsundet der farlei/ferdsel bør prioriterast som underføremål, eventuelt i kombinasjon med natur, fiske og friluft.

Innspel: Etablering av tiltak i nærleiken av farleiene kan få verknad for tryggleiken og framkomma i farvatnet.

I nokre områder er det tenleg å bruke underformålet farlei/ferdsel for å vise at skipstrafikk er prioritert arealbruk. Spesielt gjeld dette i farvatn med høg risiko på grunn av høg trafikktettleik, trоне farvatn og innsegling til hamner.



3. Navigasjonsinstallasjonar

For å trygge ferdsel i sjøområda kan det verta behov for nye anlegg til navigasjonsinstallasjonar, og eksisterande anlegg treng fornying og vedlikehald. Vi ynskjer at det i kommuneplanen vert gitt ein generell aksept for etablering av anlegg til navigasjonsmessig bruk ved at det vert tatt med i føresegna til arealplanen.

Innspel til føreseggnene: Det er tillate med nyetablering og vedlikehald av navigasjonsinstallasjonar jf. plan- og bygningslova §1-8, fjerde ledd og §11-11 nr.4.

4. Andre tema knyta til «Område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone», ref. føresegner kap. 3.5

Hamneområde i sjø

Vi kan ikkje sjå at det er lagt inn nye hamneområder eller sjønære næringsområder i plankartet.

Naudhamner

I Radøy kommune er det registrert ei naudhamn. Den ligger ved Vettås i Radfjorden, ved kaien til Radøy Gruppen.

Definisjon på naudhamn: «*Kystverkets forhåndsevaluerte nødhavnlokaliteter som inngår i Kystverkets beredskapsplanverk. Disse lokalitetene vurderes som de mest aktuelle stedene å anbringe fartøy i nød for å unngå eller begrense akutt forurensning*».

Innspel: Ingen

Småbåthamner

Ved planlegging av småbåthamner må ein ta omsyn til nyttetrafikken.

Småbåthamn i kombinasjon med «Hamn» kan vera uheldig. Småbåthamna og fritidsbåtane kan verta påført skade frå større fartøy på grunn av manøvrering og propellvatn.

Innspel: Småbåthamnene ligg i kommunen sitt sjøområde og det er kommunen ved Bergen og Omland havnevesen som er mynde etter hamne- og farvasslova §27.

Fiske

I fylje føresegner (3.5.3) og plankart er fiske gitt prioritert i områda med mørke blått felt. Kystverket har ikkje innvendingar mot at fiskeriinteressa vert synt i arealplan, men når desse ligg i farvatn som også har status som hovudlei eller bilei er det viktig at det kjem tydleg fram i planen at areala vert gitt føremål både ferdsel og fiske.

Innspel: Kystverket har merknad til einbruk-føremål fiske. Der fiskeriinteressa ligg i farvatn som også har status som hovudlei eller bilei må det kombinerast med ferdsel.

Akvakultur

Det er ikkje tatt inn nye områder for akvakultur. Store deler av sjøområda er avsett til FNFFA (Ferdsel, Natur, Fiske, Friluft og Akvakultur). I følge føresegnehelse er det berre fortøyningane som kan gå inn i FNFFA-områda. Dette gjeld berre når sjølve akvakulturanlegget ligg innafor akvakulturområdet (AK), og fortøyningane ikkje kjem i konflikt med omsynet til likestilt bruk.

Alternativ til FNFFA fleirbrukskategorien er å ha føresegner som tillet fortøyningar inn i FNFF-områda. Eit anna alternativ er å leggja omsynssoner rundt akvakulturlokalitetane, og då slik at fortøyningane kjem innanfor omsynssonene.

Innspel: Vurdera å ta ut arealføremålet «Akvakultur» i fleirbrukskategoriane FNFFA, og endra føresegnehelse til å inkludere fortøyningane i FNFF-områda. Eventuelt vurdera bruk av omsynssone rundt akvakulturlokalitetane i staden for FNFFA.

Med helsing

Knut Stenevik
sjefingeniør

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent